

REFERAT STYREMØTE 1/24 I SUNNMØRE FRILUFTSRÅD

Tid: onsdag 28. februar 2024 kl. 18.00 - 19.30

Stad: Teams

Oppmøte (fulltallig):

Kommune	Styremedlemmar
Fjord	Eva Hove - leiar
Ulstein	Berit Sandvik Skeide - nestleiar
Giske	Jan Ove Skodje
Hareid	Annika Brandal
Herøy	Linn-Therese Hansen Sævik
Sande	Sindre Slettestøl
Stranda	Bodil Lie (fast vara)
Sula	Nils Erik Bjørkavåg
Sykkylven	Trond Bonesmo
Vanylven	John Willy Klungre
Vestnes	Jon Kåre Osdal
Volda	Ola Einang
Ørsta	Karen Høydal
Ålesund	Jarle Hauge Steffensen
Ålesund	Janet Roelofs
Ålesund	Thea Elise Vestre Aasen
Tilsettrepr.	Christer Lundberg Nes

Saksliste:

Saksnr.:	Tittel:
Sak 1/24	Godkjenning innkalling, saksliste og referat sist styremøte
Sak 2/24	Faste orienteringspostar
Sak 3/24	Representantskapsmøte i Sunnmøre friluftsråd 2024 - innstilling frå styret Årsrekneskap 2023, Årsmelding 2023, Årsbudsjett 2024, Medlemskontingent 2025, Val 2024, Handlingsplan 2024-2026 med årsplan 2024
Sak 4/24	Meldingssak: Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal årsmelding og årsplan
Sak 5/24	Skjærgårdstjenesten Møre og R. - utviding av tenesta med en ny arbeidsbåt i 2024
Sak 6/24	Friluftslivets ferdselsårer, status i det kommunale arbeidet feb. 2024

Sak 1/24: Godkjenning innkalling, sakliste og referat styremøte

Innkallinga vart sendt tidleg i januar, og saklista vart sendt ut 23. februar 2024, oppdatert sakliste med ettersending vert sendt ut 27.2.24. Referat frå styremøte 12. desember 2023 er sendt ut tidlegare og ligg ved.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend. Referat frå styremøte 12. desember 2023 vert godkjend.

Sak 2/24: Faste orienteringspostar

Dagleg leiar orienterte kort om:

- Status oversikt val i kommunane for styremedlemmar og rep.skapsutsendingar
- Oversikt innvilga støtte 24
- Vinterferieaktivitet 24
- Status friluftsbarmometer 24
- Status 50-årsjubileet 24, jubileumsarrangement 17. august (arb.gr. i styret)
- Generell status personalsituasjonen
- Andre dagsaktuelle orienteringar
 - Stabssamling Alnes jan. 24 (tilsette), orientering/omvisning Jan Skodje, Jan Dybvik
 - Leiarsamling FL i 14.-15. feb. 24 (styreleiar og dagleg leiar), nytt prinsippprogram kjem
 - Årsmøte Forum for natur og friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF) 26. feb. 24

Vedtak:

Styret tek orienteringane til vitande.

Sak 3/24 Representantskapsmøte i Sunnmøre friluftsråd 2024 – innstilling frå styret

Kort om saka:

Vedlagt følger framlegg til sakliste og innstilling til vedtak i kvar enkelt sak for representantskapsmøte 2024. Styret gjennomgår framlegg til sakliste til representantskapsmøtet og innstiller i alle saker utanom val.

Særleg om Medlemskontingent for 2025: Dei siste åra er medlemskontingenten til friluftsrådet auka med berre 2 %. På fem år har kontingenten berre auka med 1,57 kr frå 19,09 kr til 20,66 kr pr. innbyggjar. Dette er langt under auken i konsumprisindeksen i landet.

Vedtak:

Styret godkjenner saklista for representantskapsmøtet 3. april 2024 som vist over.

Styret innstiller på at representantskapet godkjenner følgande saker/vedlegg:

- Årsrapport 2023
- Årsrekneskap 2023
- Årsbudsjett for 2024
- Handlingsplan 2024-2026 med arbeidsplan for 2024
- Medlemskontingenten for Sunnmøre friluftsråd (KO) for 2025 vert sett til 21,63 kr per innbyggjar.
- Markering av 50-årsjubileum 17. august 2024:
Representantskapet, ordførarar og kommunedirektørar i kommunane vert invitert

- *Ny arbeidsbåt for Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal:
Sunnmøre friluftsråd går til innkjøp av ny arbeidsbåt i 2024 slik vedtak i sak 5/24 viser*
- *Val 2024 skal skje i samsvar med samarbeidsavtalen § 5 pkt. 12. Valnemnda får oversendt kommunane sine vedtak om styremedlemmar og vara. Valnemnda innstiller til styre, styreleiar og nestleiar. Innstillinga vert presentert på representantskapsmøtet.*
- *Val av valnemnd 2025:
Medlemmane i valnemnda sit i tre år. I år går Lena Landsverk Sande (Vanylven) ut av valnemnda etter tre år. Bodil Tronstad fortset i valnemnda til 2026. Varamedlem Bernhard Harkjerr vert fast medlem for tre år 2024-2027. Styret innstiller på ny varamedlem eitt år.*

Valkomité	Valperiode	Namn
Leiar	2022-2025	Martin Kjøpstad (Vestnes)
Medlem	2023-2026	Bodil Tronstad Lie (Stranda)
Medlem	2024-2027	Bernhard Harkjerr (Hareid)
Vara	Eitt år	Karen Høydal (Ørsta)

Dagleg leiar og styreleiar får fullmakt til å gjere nødvendige justeringar i saksdokumenta før utsending til representantskapet. Dersom det eventuelt vert behov for større endringar, skal AU behandle dette.

Sak 4/24 Meldingssak: Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal årsrapport 2023 og arbeidsplan 2024

Kort om saka:

Årsrapport for Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal 2023 og arbeidsplan 2024 er behandla i eige driftsstyre. Den vert framlagt for styret i Sunnmøre friluftsråd til orientering. Rekneskap 2023 og budsjett 2024 for skjergardstenesta går fram i arbeidsplan (siste side). Tenesta er også omtalt i friluftsrådets årsmelding 2023 og handlings- og arbeidsplan.

Vedtak:

Styret tek årsrapport 2023 og arbeidsplan 2024 for Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal til orientering.

Sak 5/24 Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal – utviding av tenesta med en ny arbeidsbåt i 2024

Kort om saka:

Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal er eigd av fire partar som også utgjer styret: Miljødirektoratet, fylkeskommunen og dei to friluftsråda i fylket. Skjergardstenesta er organisatorisk plassert i Sunnmøre friluftsråd, og arbeidsbåtane har heimhamn i Gåseidvika i Ålesund. Tenesta skal dekke heile Møre og Romsdal (begge friluftsråda). Då Møre og Romsdal fekk eiga skjergardsteneste i 2018, starta vi opp med ein arbeidsbåt (Rigmor). Planane framover var å utvide båtkapasiteten etter ein oppstartsperiode. Vi har tidlegare vurdert å erstatte Rigmor med ein større arbeidsbåt, men etter eit par år med drift har vi konkludert med at det er større behov for to mindre arbeidsbåtar. Med to arbeidsbåtar kan vi tilby ei betre teneste i høg-sesongen i heile fylket. Då skjergardstenesta vart etablert i 2018 avsette Møre og Romsdal fylkeskommune 2,5 mill. på eigen konto øyremerka i investering i ny arbeidsbåt (fylket sin andel, økonomisk grunnlag for forventa framtidig behov)

Protokoll driftsstyremøte Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal 13. desember 2023 (sak 109/23):

«Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal skal utvide tjenesten til to skjærgårdstjenestebåter. Målet for anskaffelsen er å utvide kapasiteten til tjenesten, og for å kunne utføre flere og mer driftsoppgaver i Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal i hele fylket. Det skal inngås kontrakt om kjøp av en ny arb.båt i 2024. Ny båt skal driftes sammen med eksisterende arb.båt Rigmor.

- Arbeidsbåten skal være i størrelse 40 fot og være tilpasset skjærgårdstjenestens behov
- Kostnadsramme er inntil 7 millioner nok med finansiering fra fire parter i Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal: Finansieringen blir et spleiselag mellom Miljødirektoratet, Møre og Romsdal fylkeskommune, og kommunene gjennom sitt medlemskap i de to friluftsråda.
- Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal har som mål og inngå kjøpekontrakt av arb.båten før sommer 24. Spesifisering av båten og anskaffelsesprosess vil gå fortløpende vinter/vår 24.»

Sunnmøre friluftsråd har allerede eit båtfond på kr. 470 000 avsett til framtidig ny arbeidsbåt. Vår andel i spleiselaget er 1 mill., gjenstående finansiering er dermed kr. 530 000. Sunnmøre friluftsråd har likviditet til å avsette kr. 200.000 i budsjettet for 2024. Vi vil jobbe for å skape likviditetsramme til å avsette resterande beløp i 2025. Vidare Sunnmøre friluftsråd jobbe med private finansieringsmidlar, sponsorstøtte til ny arbeidsbåt, slik støtte vil gå til fråtrekk på eigenandelen.

Vedtak:

Styret i Sunnmøre friluftsråd støttar styrevedtaket i Skjærgårdstjenesten Møre og Romsdal datert 13.12.23 om å utvide tenesta til to skjergardstenestebåtar, og målet om å inngå kontrakt om kjøp av ein ny arbeidsbåt i 2024. Den nye båten skal driftast saman med eksisterande arbeidsbåt Rigmor. Sunnmøre friluftsråd sin eigenandel i spleiselaget i kjøp av ny arbeidsbåt er etter skjergardstenesta sitt budsjett 1 mill. kr. Finansiering av eigenandelen:

- Sunnmøre friluftsråd båtfond til framtidig arbeidsbåt avsett i 2019: kr. 470 000
- Avsetning i budsjettet for 2024: kr. 200.000
- Resterande beløp vert avsett i budsjettet i 2025
 - Eventuell sponsorstøtte vil redusere Sunnmøre friluftsråd sitt resterande bidrag.

Sak 6/24 Friluftslivets ferdselsårer – status i det kommunale arbeidet feb. 2024

Kort om saka:

Det vart orientert om status i prosjektet i sak 24/23 i sist styremøte 12.12.23. Friluftsrådet trur på samarbeid om en planmessig utvikling og tilrettelegging av friluftslivet, og jobbar for at alle våre kommunar finn rom til å prioritere og ferdigstille dette arbeidet i 2024-25.

- Desse kommunane er godt i gang: Ulstein/Hareid, Volda, Ørsta, Fjord, Ålesund
- Desse kommunane er framleis i startfasen: Giske, Sykkylven, Vestnes
- Desse kommunane har ikkje starta enno: Sula, Herøy, Vanylven, Sande, Stranda, Haram

Det er viktig at kommunane får ferdigstilt ein ferdselsåreplan. Det er også viktig at kommunane sikrar nødvendig forankring av ferdselsåreplanen i eigen kommunal planstrategi. Friluftsrådet har sendt melding til kommunane i haust, der det m.a. vart påpeika: Det vil vere avgjerande for kommunane sin tilgang til spelemidlar og andre tilskot til anlegg dei komande åra at dei får på plass ein planmessig og strukturert utvikling av friluftslivsanelegga sine. Når spelemidlane og andre tilskot til friluftslivsanelegg skal fordelast (av FK), blir friluftslivsanelegg som inngår i ein kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer prioritert.

Vedtak:

Styret har som mål at alle kommunane på Sunnmøre skal ha ein plan for friluftslivets ferdselsårer innan prosjektutgangen i 2025. Styret ser vidare at det er behov for framdrift i arbeidet i kommunane, og behov for å påverke dei resterande kommunane til å melde seg på. Både styret og administrasjonen skal bidra aktivt til dette.

Referent

Dagleg leiar Anne Berit S. Emblem